

## Innspel til høyring i Næringskomiteen om St. meld 13 (2010-2011) Aktivt eierskap – norsk statlig eierskap i en global økonomi.

**Initiativ for etisk handel** – IEH er eit ressurscenter og ein pådrivar for etisk handel og har soleis vore tett på den norske debatten om bedrifters samfunnsansvar heilt sidan IEH vart stifta av Kirkens Nødhjelp, LO, HSH og COOP i 2000. Essensen i IEH sitt mandat er å bidra til at norske bedrifter, organisasjonar og offentlege etatar har ein policy og praksis som bidreg aktivt til å redusera omfanget av brot på grunnleggjande menneske- og arbeidstakarrettar, inkludert miljøomsyn, slik desse kjem til uttrykk i mellom anna ILO sine kjernekonvensjonar, OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap og FN si menneskerettserklæring.

### Initiativ for etisk handel ber Næringskomiteen om ta til orde for at

- Regjeringa som eigar stiller klare forventingar til at **alle** selskap inkluderer ansvar for ivaretaking av menneske- og arbeidstakarrettar i **leveransekjedene** sine
- Meldinga tydeleggjer at Regjeringa forventar størst mogleg grad av open rapportering ogso når det gjeld utfordringar og risiko for brot på grunnleggjande menneske- og arbeidstakarrettar

### Bakgrunn

IEH er glad for at bedrifters samfunnsansvar i stadig sterkare grad pregar relevant norsk politikk, og meiner at St.meld. 13 (2010-2011) *Aktivt eierskap – norsk statlig eierskap i en global økonomi* tek fleire viktige steg i rett retning.

Stortingsmelding nr. 10 (2008-2009), gjerne omtalt som CSR-meldinga, dannar det politiske rammeverket for Regjeringa sin politikk på området. I definisjonen av samfunnsansvar (Corporate Social Responsibility – CSR) understrekar meldinga at det handlar om kva ansvar bedriftene bør ta på seg for menneske, samfunn og miljø som vert påverka av verksemda til bedriftene. Vidare vert det understreka at ".... *Tendensen er at flere oppfatter at kjerneområdet for samfunnsansvar er bedriftens egen virksomhet og leveransejede*".<sup>1</sup>

### Ansvar i leverandørkjeda er ikkje valfritt

Her er me ved kjerna i det IEH stiller eit stort spørsmålsteikn ved i Eigarskapsmeldinga. I kapittelet om Regjeringa sine forventingar om samfunnsansvar (5.4.2) står det mykje bra om både forankring av etiske retningslinjer, rapportering etter Global Reporting Initiative sin standard og interessentinvolvering for utvikling av relevante og meningsfulle måleindikatorar (s. 56). Alt dette er vel og bra. Det me imidlertid stiller oss særundrande til er at meldinga klart signaliserar at desse forventingane berre gjeld selskap med "... *internasjonal virksomhet*", medan selskap med internasjonale leverandørar og forretningspartnarar kun bør "...*vurdere å inkludere dette i sine retningslinjer*". "Dette" refererar her til både menneskerettar og arbeidstakarrettar basert på internasjonalt anerkjende konvensjonar.

Både denne og førre eigarskapsmelding sler tydeleg fast at Regjeringa forventar at statseigde selskap er leiande ogso internasjonalt når det gjeld implementering av samfunnsansvar. Allereie i januar 2009 slo CSR-meldinga fast ein klar tendens til at leveransekjeder vert definert inn som ein del av

<sup>1</sup> Stm 10 (2008-2009), Næringslivets samfunnsansvar i en global økonomi, 1.2

samfunnsansvarsomgrepet, vidare er leveransekjeder framheva som eit eige kulepunkt der Regjeringa forventar at norske bedrifter i arbeidet med samfunnsansvar mellom anna<sup>2</sup>

- *følgjer opp sine retningslinjer i forhold til leveransekjeden gjennom krav, kontrollrutiner og kapasitetsbygging*

Den same meldinga viar ogso eit eige kapittel (3.4.) til leveransekjeda, der det mellom anna vert slege fast at samfunnsansvarlege bedrifter tek på seg eit ansvar for at "*...alle ledd i verdikjeden tilfredsstillar bedriftens standarder, så langt det er mulig*"<sup>3</sup>

Denne tilnærminga er meir i tråd med dagens globaliserte økonomi med produksjons- og eigarskapsmønster der ein ofte ser glidande overgangar mellom eiga verksemd og ein kunde-leverandør relasjon. Det same perspektivet er ogso klart reflektert i arbeidet til FNs generalsekretær sin spesialrepresentant for næringsliv og menneskerettar, John Ruggie, når han løftar fram det store styringsunderskottet ("governance gap") som ein av dei store utfordringane i møtet mellom eit internasjonalt næringsliv, stat og menneskerettar.

IEH vil utfordra Eigarskapsmeldinga sitt klare skilje mellom internasjonal verksemd og internasjonale leveransekjede og meiner fasthalding av dette vil vera direkte i strid med ambisjonane i meldinga om at norske selskap, og i særdeles grad dei statseigde, skal vera i fronten på samfunnsansvarsområdet.

Me tør våga den påstand at det skal leitast med lys og lykte i Eigarskapsmeldinga etter selskap som ikkje kjøper inn varer produsert i land der risikoen for brot på arbeidstakarrettar er tydeleg til stades. For å leva opp til Regjeringa sine eigne ambisjonar må difor ansvar i leverandørkjeda inn som ein sjølvsgatt del av Regjeringa sine forventingar om korleis statseigde selskap skal utøva samfunnsansvaret sitt.

### **Offentlege innkjøp**

Det er naturleg å nemna arbeidet knytt opp mot Borne- Likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD). På oppdrag frå BLD laga IEH rettleiaren "Ethiske krav i offentlege anskaffelser" (lansert i 2009) og statsråd Lysbakken er stadig klarare i sine ambisjonar om at etiske omsyn må inn i offentleg innkjøpspraksis. Regjeringa har mellom anna sagt at den vil undersøkje kor vidt lovverket om offentleg innkjøp gjer det mogleg å pålegga statlege verksemdar ein slik praksis. Det skulle uansett ikkje vera noko i vegen for at staten som eigar klart signaliserar at dei statseigde bedriftene tek inn dette i sine retningslinjer. Snarare tvert i mot. Regjeringa sin offensive politikk på dette området er ogso uttrykt i St.meld. 36 (2008-2009): Det gode innkjøp.

Eit godt døme i so måte er dei fire regionale helseføretaka i Noreg. Utifrå terminologien i Eigarskapsmeldinga må desse kunna seiast å vera hovudsakleg norsk verksemdar med internasjonale leverandørkjeder. Administrerande direktør i Helse Sør-ØST RHF, Bente Mikkelsen, skreiv den 6. april fylgjande etter at ho fekk vita at halvparten av alle medisinar i verda vert laga i India og Kina der mange av fabrikkane etterlet breispektra antibiotika i drikkevatnet til folk i nærområdet:

*"Å sørge for helsen til millioner av mennesker i Vesten kan ikke rettferdiggjøre å ødelegge helsen til mennesker i Østen"*<sup>4</sup>

Dei fire RHFane har eit samla innkjøp på vel 30 milliardar kroner årleg, og soleis eit ikkje ubetydeleg ansvar, og ein moglegheit for å bidra positivt for å bøta på dette. Telenor er eit døme på eit selskap

---

<sup>2</sup> Ibid, kap 1.6.2 s.12

<sup>3</sup> Ibid, kap 3.4.1

<sup>4</sup> <http://bentemikkelsen.blogspot.com/2011/04/vi-kan-skape-endring.html>

der leveransekjedeansvaret er integrert i den internasjonale verksemda gjennom dei innkjøpa som vert gjort både internasjonalt og nasjonalt i dei ulike landa konsernet er til stades. Både dei fire RHFane og Telenor er forøvrig medlemmer i IEH.

### Open rapportering

IEH sine medlemmer er banebrytande både nasjonalt og internasjonalt i det at dei sidan 2004 har rapportert ope på planar og framdrift i arbeidet med etisk handel. Me er overtydde om at dette er eit viktig bidrag til at ein får fram dei naudsynlege nyansane i arbeidet gjennom at ein vågar ogso å vera open på utfordringane. I sitt innlegg til IEH sitt debatthefte "Norske arbeidsforhold til kinesisk pris?"<sup>5</sup> peika FAFO-forskar Mark Taylor på at informasjon om risiko må fram, ogso for at bedrifter skal kunna visa at dei handterar utfordrande situasjonar på ein akseptabel måte. For den norske stat som eigar bør det vera særleg viktig at selskapa er tydelege på korleis dei handterar problematiske situasjonar i leveransekjeder og eiga verksemd.

Meldinga løftar vidare fram Global Reporting Initiative (GRI) som eit viktig og nyttig verktøy for rapportering på samfunnsansvar, noko IEH lenge har stilt seg bak. GRI er eit verktøy som i utgangspunktet vart utvikla for store bedrifter, men ogso der ser me at leveransekjedetematikken er på veg inn. IEH er med i GRI si arbeidsgruppa for å vidareutvikla leverandørkjederapportering, gruppa hadde sitt førebels siste møte i Chile i april 2011.

### Leveransekjedeansvar nyttar

Meir enn 15 års omfattande internasjonal læring på operasjonalisering av bedrifters leveransekjedeansvar syner tydeleg at det ligg eit klart ansvar, men ogso store moglegheiter til å bidra til å redusera omfanget av uakseptable produksjonstilhøve i leveransekjeda. IEH og våre medlemmer har 10 års erfaring med dette arbeidet og ser med glede på at leveransekjedeansvaret no ogso er tydeleg til stades i både John Ruggie sitt arbeid i FN, innanfor Global Reporting Initiative og i diskusjonen rundt oppdateringa av OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap.

Som eit ressurscenter og ein pådrivar, stiller Initiativ for etisk handel gjerne opp for å bidra til at samfunnsansvar i leveransekjeda kan operasjonaliserast på ein måte som er effektiv og meningsfull for både eigarar, selskap, leverandørar og lokalsamfunn på produksjonsstaden.

Mvh.



Per N. Bondevik  
Dagleg leiar  
Initiativ for etisk handel

[per@etiskhandel.no](mailto:per@etiskhandel.no)

Tlf: 2109 0498/ 950 12 969

---

<sup>5</sup> <http://www.etiskhandel.no/Artikler/4579.html>